

## Ta ballen og ikkje mannen

**Eg registrerer** med undring hylekoret etter at Arne Gjerde gjekk ut med kritikken mot kommunalsjefen for helse, pleie og omsorg i Kvinnherad. Rett nok gjekk Arne Gjerde høgt ut, og utspelet hans vart nok meir personalisert enn det burde. Det var uheldig, noko han også heilt rett tok sjølvkritikk for i Kvinnheringen på fredag.

**Angrepa på** Arne Gjerde i etterkant av utspelet hans kunne likevel fleire i det politiske miljøet spart seg for. Hensikta er truleg å tilsløra det faktum at alt ikkje står så bra til med eldreomsorga i kommunen vår, og at det er fleire enn kommunalsjefen som har eit ansvar for dette. Det at også røynde og sindige politikarar som Otto Benjaminson og Peder Sjø Slettebø vel å ta mannen og ikkje ballen er spesielt skuffande. Som tidlegare fotballdommar ville eg nok truleg dratt opp det raude kortet til begge to, og gitt dei 1 veker pause frå valkampen.

**Leiaren i** Kvinnheringen i onsdagsavisa er også overraskande lesnad. Tomas Bruvik tar nemleg feil når han hevdar at Arne Gjerde sin kritikk har feil adresse. Det er politikarane som må kritiseras sidan det er dei som sit med pengesekken seier Bruvik. Det er for så vidt korrekt, men som Bruvik veit er ei verdig eldreomsorg lovpålagt. Dersom manglande økonomiske rammer er årsaka til dei mange graverande sakene som har vore framme i media dei siste åra om eldreomsorga i kommunen vår, ja, då skulle kommunalsjefen gått ut og fortalt klart og tydeleg om konsekvensane. Det kan eg ikkje sjå at vedkomande har gjort, og då kan ein ikkje skulda på at det er dei tildelte rammene frå politikarane/kommunestyret som har skulda. At Kvinnheringen sin redaktør hoppar bukk over dette overraskar meg og mange andre. Det kan nok også stillast spørsmålsteikn ved om oppslaget fortente den "krigstype" plasseringa på framsida i avisa som det fekk.

**Ei god** og verdig eldreomsorg er svært viktig for Miljøpartiet Dei Grøne, og vi ser eit stor behov for forbetringar. Vi vil difor snarast mogleg etter valet ta initiativ til ei brei og grundig evaluering av måten eldreomsorga i Kvinnherad er organisert på.

Knut Førland,  
Listekandidat  
Miljøpartiet Dei Grøne